

Vedlegg D

Fråsegner til oppstart



Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 STRAUMGJERDE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune – Eigedom 26/11

Detaljregulering for Djupedalen industriområde

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det blir varsla oppstart av planarbeid for detaljregulering for Djupedalen industriområde i Velledalen i Sykkylven kommune. Føremålet er å legge til rette for næring med kontor- og lagerlokale, verkstad og oppstillingsplass for anleggsutstyr på eigedom 26/11. Arealet er avsett til næring i kommuneplanens arealdel.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Delar av eigedomen ligg innanfor eit lokalt viktig friluftsområde registrert i databasen FRIDA. Planomtalen må greie ut om friluftsiinteressene i området og synleggjere om planforslaget vil gje konsekvensar for desse brukarinteressene, og om ein eventuelle bør sikre avbøtande tiltak.

Vassdrag

Plangrensa går inntil Velledalselva som er ei anadrom strekning. Vassressurslova § 11 stadfester at det «*langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte mot avrenning og gir levested for planter og dyr*». Ein må fastsette breidde på kantsona i reguleringsplanen. Gangveg bør ikkje leggst heilt ned i elvekanten, men bak kantsona.

Landbruk

Landbruket er ei vesentleg næring i området, og Fylkesmannen ønskjer at det vert sett krav om at matjorda skal ivaretakast og nyttast til framtidig matproduksjon. Dette gjeld då jorda frå den

fulldyrka marka på ca. 5 dekar. Det må verte inngått avtale med ein matprodusent i aktiv drift i nærområdet som kan nyttegjere seg jordressursen til eigna nydyrkingsareal. Kommunen v/landbruksansvarleg må godkjenne det nye området og ei enkel plan for gjennomføring, med kopi til Fylkesmannen. Tiltakshavar, kommune og entreprenør skal gjere seg kjent med og legge veiledaren «Jordmassar – frå problem til ressurs»

<https://vest.nlr.no/media/3235647/jordmasserliten.pdf> til grunn for gjennomføringa. Alle desse momenta må inngå i føresegnene til reguleringsplanen. All nedbygging av dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) og dyrkbar mark skal rapporterast inn til KOSTRA ved årets slutt.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det er planlagt å gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Det er allereie no avdekka tema som er relevante for samfunnstryggleiken. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde.

«*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Forureining

Det må gjerast vurderingar om det er fare for avrenning til vassdraget. Om det er det, må det sikrast avbøtande tiltak som hindrar dette.

Barn og unge

Vi registrerer at tema barn og unge er vurdert i oppstartsmøtet med kommunen. Vi støttar at planforslaget bør vurdere korleis framtidig aktivitet vil påverke barn sin ferdsel og tryggleik langs vegen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer
NVE-vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde
Sykkylven kommune, Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

HOLE MASKINER AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 STRAUMGJERDE

Vår dato: 12.11.2020
Vår ref.: 202013220-2
Arkiv: 323
Deres dato: 28.09.2020
Deres ref.:

Saksbehandler:
Ole-Jakob Sande

NVEs innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for Djupedalen industriområde i Velledalen i Sykkylven kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 28.09.2020. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for næring med kontor- og lagerlokale, verksted og oppstillingsplass for anleggsutstyr på eiendommen Gnr. 26 Bnr. 11.

Om NVEs oppgaver og sektorinteresser

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl). Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Ved oppstart av planarbeidet anbefaler vi å bruke følgende veiledere og verktøy:

- [Kartbasert sjekkliste-NVE-tema](#) – kartbasert veiledning for reguleringsplan.
- [NVEs karttjenester](#) viser informasjon om flom- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) beskriver hvordan interessene bør ivaretas i planen, slik at en unngår innsigelse.
- [NVEs retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) beskriver hvilke flom- og skredprosesser som kan utgjøre fare, og hvordan disse farene bør utredes og innarbeides i planen.
- [NVEs sjekkliste for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområder er vurdert og godt nok dokumentert.
- [Miljødirektoratets overvannsveileder](#) gir nyttige tips om overvannshåndtering i arealplanlegging.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



- [Klimaservicesenteret/klimaprofilene](#) gir et kortfattet sammendrag av dagens klima, forventede klimaendringer og klimautfordringer.
- [De Statlige planretningslinjene for klima og energiplanlegging og klimatilpassing](#) av 28.09.2018 gir føringer for hvordan kommunene skal ivareta klimaendringer i planleggingen.
- For vurdering av overvann kan også følgende [publikasjoner fra Norsk Vann](#) være aktuelle. Norsk Vanns veileder A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering*» og Norsk Vanns rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*».
- Flere nyttige veiledere og verktøy finnes på www.nve.no/arealplan.

Konkret innspill til planarbeidet

Kartlegg om arealet er utsett for reell naturfare

Planområdet ligger inntil Velledalselva og på nordsiden av planområdet er det en mindre sideelv, og store deler av planområdet ligger i aktsomhetsområde for flom, jf. [NVE Atlas](#). Hensyn til flom og erosjon må avklares i planarbeidet. Generelt gjelder at areal utsatt for flom med 200-års gjentakintervall vises i plankartet med hensynssone *Flomfare H320* med tilhørende bestemmelser som gir tilstrekkelig sikkerhet før utbygging, jf. byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Alternativt kan det etableres byggegrense mot vassdrag som er vurdert å gi sikker avstand i forhold til fare for flom og erosjon.

Planområdet ligger under marin grense og NGUs løsmassekart viser elveavsetninger og delvis breelavsetninger. Under elveavsetningene kan det være marine avsetninger. I område med marine avsetninger der det ikke kan utelukkes forekomster av kvikkleire.

I regi av NVE er det gjennomført regional kvikkleirekartlegging i Sykkylven kommune. I [rapporten](#) er planområdet vurdert som aktsomhetsområde for marin leire. Kartleggingen har ikke avklart om det kan være marin leire i grunnen, men området oppfyller ikke terrengkriteria for områdeskred av kvikkleire. Fare for områdeskred er avklart, men lokal stabilitet i byggegroppen bør vurderes nærmere. NVE anbefaler at plandokumenta setter krav om at fagområde geoteknikk (RIG) er ansvarsbelagt for alle byggesaker.

Ta hensyn til forventet klimaendringer

[Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) ble vedtatt 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er forberedt på, og tilpasset klimaendringene. Vi anbefaler at dere gjør dere kjent med innholdet i planretningslinjene og sikrer at arealdisponeringa tar hensyn til et klima i endring.

Fakta arket [«Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen»](#) gir en kort beskrivelse av hvordan hensyn til klimaframskrivninger kan innarbeides i arealplaner.

Norsk klimaservicesenter har utarbeidet [klimaprofil for Møre og Romsdal fylke](#). Vi anbefaler at kunnskapen klimaprofilen gir om forventet klimaendringer blir lagt til grunn i planarbeidet.

Utbygging kan gi problem med overvann

På generelt grunnlag viser vi til at utbygging av naturområde med harde flater kan få konsekvenser for avrenningsforholda. Planarbeidet må ha søkelys på sikker håndtering av vann og overvann. Mer



utbygging i nedbørfeltet gir økt andel tette flater. Dette bidrar til raskere avrenning og større mengder vann på terrengoverflaten (overvann). Økningen kan føre til oversvømmelser i byggeområdene og flom i vassdragene. Det er viktig å være oppmerksom på at ny utbygging også kan blokkere avrenningen ovenfra, som igjen kan føre til skader på selve bygget eller lede overvannet i uønsket retning. Økosystem som eks. flomskog, myrer og våtmarker har en flomdempende funksjon som bør bevares i størst mulig grad. Dersom omgivelsene og/eller resipienten ikke har kapasitet til å ta imot økt avrenning, må det planlegges kompensierende tiltak i nedbørfeltet. Klimaendringenes påvirkning på avrenningen i byggeområdene må også avklares. Dette må gjøres tidlig i planprosessen slik at det blir satt av tilstrekkelig areal før bygninger og infrastruktur planlegges. Se ellers informasjon om overvann på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi.

Hensyn til vassdrag

Planarbeidet må avklare hensyn til vassdragsmiljøet. Ifølge vannressurslova (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringsplanen.

Dersom planen innebærer inngrep i vassdraget må det gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til vassdraget, og hvordan inngrepet påvirker disse interessene. Eksempel på allmenne interesser er fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, hensyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flom og skred osv. Det bør også gjøres greie for eventuelle kompensierende tiltak for å redusere konsekvenser for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikke trenger særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

NVEs oppfølging av planarbeidet

I plandokumentene må det gå tydelig fram hvilke vurderinger som er gjort og hvordan de er innarbeidet i planen. **Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt.** Vi ber om at alle plandokumenter sendes elektronisk til NVE.

NVE vil prioritere å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Dette fremgår av [brev til kommunene 29.09.2017 om NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen](#).

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder

Med hilsen

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
SYKKYLVEN KOMMUNE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 Straumgjerde

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	18.10.2020	133784/2020/REGULERINGSPLAN/1528	Synnøve Valle, 71 28 02 39	12.11.2020


Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Djupedalen industriområde i Velledalen - fråsegn til oppstart

Det er varsla oppstart av Djupedalen industriområde i Velledalen. Målet med reguleringa er å legge til rette for mellom anna kontor, lager, verkstad og oppstillingsplass. Området er i kommuneplanen regulert til næring.

Samferdsel

Fv. 5918 har en årsgjennsnittstrafikk på 210 kjøretøy og fartsgrense på 60 km/t. Fylkesvegen er i vedtatt rammeplan for avkjørslar og differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse «lite streng». I denne haldningsklassa er det satt ei differensiert byggegrense på 20 meter målt frå senterlinje fylkesveg. Vi ber om at byggegrensa ikkje vert fastsett nærmare enn 20 meter til senter av vegen, i samsvar med differensiert byggegrense i vedtatt rammeplan.

Eksisterande kryss til fv. 5918 er svært uoversiktleg med eit forskyvva X-kryss og to private avkjørslar i svært kort avstand. Da det er opplyst at trafikken vil auke som følge av tiltaket, må eksisterande kryss bli inkludert i reguleringsplanen, og den trafikale situasjonen utbetra. Vi minner også om reguleringsplan med kryss/ avkjørsel skal avgrensast slik at heile frisktsona, samt frisktlinja i tilsettande veg er innafor planen.



Eksisterande kryss til fv. 5918

Automatisk freda kulturminne

Det vart gjennomført arkeologisk registrering på Djupedalen industriområde 12-16.10.2020. Det vart ikkje funne automatisk freda kulturminne, og vi har såleis ingen merknadar til plana.

Barn og unge

Planområdet ligg nær opp til Velledalen skule. Planen må sikre at barn sin tryggleik vert teken i vare.

Miljø og klima

Vassforvaltning

Fylkeskommunen har ansvar for å gjennomføre arbeidet etter vassforskrifta, og er mynde for regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion. Alt ferskvatn, kystvatn og grunnvatn skal forvaltast etter denne planen. Etter vassforskrifta skal alt vatn i Norge klassifiserast og få ein tilstand basert på biologiske, fysiske og kjemiske parameterar. Denne tilstanden skildrar dagens situasjon. Alle vassførekomstar har også fått eit miljømål fram i tid. Dersom dagens tilstand og framtidas miljømål er ulike må det settast inn tiltak for å oppnå miljømålet, elles står målet i risiko for ikkje å bli nådd.

Tiltaksområdet grensar til vassførekomsten [Velledalselva, nedre del](#) (vassførekomst-ID 097-28-R) i vann-nett. Store deler av Velledalselva er førbygd med dobbeltsidig flaumverk og dermed i stor grad påverka av menneskelege, fysiske inngrep. I tillegg er det registrert forureining frå spreidd busetnad, reinseanlegg og jordbruksareal, samt at lakselus og oppdrettsfisk påverkar fiskebestandane. Derfor har vassdraget fått tilstanden moderat økologisk potensial. Det er med andre ord alt mange påverknadar på vassførekomsten slik det er i dag.

I Lakseregisteret er anadrom strekning er registrert frå fjorden og opp til nedafor Drotninghaug. Det vil seie at det er leveområde for laks og sjøaure i elva som grensar til tiltaksområdet. I Velledalselva blir det sett ut fisk. Mange bestandar av laks og sjøaure er i stor grad påverka av mange trusselfaktorar, og på Sunnmøre er fleire bestandar utrydda eller nært utrydda. Gytebestandsmålet for laks blei ikkje nådd i Velledalselva i 2019.

I rennande vatn vil kantvegetasjon beskytte elvekantane mot erosjon, spesielt under flaum. Røter frå busker og trær bind jorda. I tillegg vil kantvegetasjon ta opp næringssalt og halde på partiklar. Kantvegetasjon reduserer solinnstråling og gir skygge til vassdraget. Dette er spesielt viktig for fisk, botndyr og andre levande organismar i periodar med låg vassføring. Kantvegetasjonen gir også skjul, slik at tilgangen for fiskespisande fugl og større fisk blir vanskelegare.

Tatt i betraktning dei dårlege forholda i elva og den dårlege tilstanden for fiskebestandane i vassdraget, er det viktig at det ikkje vert sett i verk nye tiltak som forverrar denne tilstanden.

Vassressurslova, § 11, stiller krav om eit vegetasjonsbelte langs vassdrag med årsikker vassføring for å sikre dei økologiske forholda i og langs vassdraget. I 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag skal det etter plan- og bygningslova § 1-8 takast særleg omsyn til mellom anna naturmiljø. Breidda på kantvegetasjonen kan enten fastsettast i plan etter plan- og bygningslova eller fattast som eit enkeltvedtak etter vassressurslova.

Fylkeskommunen ønsker at det frå kommunens side blir avsett ei omsynssone ned mot vassdraget. Dette for å sikre at kantvegetasjonen vert oppretthalden og at det blir ein buffersone mellom vassdraget og aktivitet på land. Å legge til rette for fiske og rekreasjon

langs elvar går ofte ut over kantvegetasjon. Vi er derfor skeptiske til dette tiltaket, og ber om at vi vert involverte i prosessen framover.

KONKLUSJON

Vi ber om at synspunkta våre vert tekne med i det vidare arbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: overingeniør Ingrid Renate Gjørvad, tlf. 71 28 00 44

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75

Miljø og klima: Rådgivar Pernille Eriksdatter Giske, tlf. 71 28 02 59

Kopi:
Sykkylven kommune
Statens vegvesen
NVE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Statens vegvesen

HOLE MASKINER AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 STRAUMGJERDE

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/203139-2

Deres referanse:

Vår dato:
11.11.2020

Uttale til varsel om oppstart med detaljregulering Djupedalen industriområde – Velledalen i Sykkylven kommune

Vi viser til brev av 28.09.2020.

Statens vegvesen er vegadministrasjon for staten på riksveger. Dette innebærer at vi har ansvaret for å planlegge, utvikle, drifte og vedlikeholde vegene på en best mulig måte for brukerne og samfunnet for øvrig. Samtidig er vi et fagorgan med sektoransvar på vegne av Samferdselsdepartementet. Gjennom sektoransvaret skal vi bidra til oppfølging av statlig areal- og transportpolitikk, også på de offentlige vegene der andre enn staten har myndighet. Sektoransvaret omfatter blant annet trafiksikkerhet, kollektiv, gange, sykkel, universell utforming, samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, og klima og miljø.

Saken gjelder

I henhold til plan- og bygningsloven §12-8 varsles oppstart av detaljregulering for Djupedalen industriområde i Velledalen i Sykkylven kommune. Hovedformålet er å tilrettelegge for næring med kontor- og lagerlokale, verksted og oppstillingsplass for anleggsutstyr på gnr. 26 bnr.11.

Statens vegvesen har ut fra våre ansvarsområder følgende merknader

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for en utvikling av Hole Maskiner AS. Vi bemerker i den sammenheng at Hole Maskiner AS også er etablert på et areal ved krysset mellom fv. 60 og kv. 5011 (Tregardane). Det nye planområdet vil legge opp til en arealbruk som deler virksomheten opp, noe som kan generere økt internt transport som trolig vil skje på kv. 5011 og fv. 5918. Begge disse vegene har dårlig standard, og synes ikke være egnet for en økt mengde av store og lange kjøretøy. Med særlig hensyn til at disse vegene er skoleveg for elever ved Velledalen skole, vil en økt trafikk av store og lange kjøretøy være uheldig.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Konsekvensene av utvikling av varslet planområde må derfor ses i sammenheng med de øvrige områdene til Hole Maskiner As. Transportbehov og trafiksikkerhet langs vegnettet vil derfor være viktige utredningstemaer.

Planlegging av offentlige veger, herunder kryss, avkjørsler, eventuelle løsninger for mjuke trafikanter mv. må skje i samsvar med Statens vegvesen sine normaler (håndbøker i N-serien).

Konklusjon

Statens vegvesen viser til våre innspill over og ber om at dette utredes i planarbeidet. Det er viktig å sikre god dialog med Sykkylven kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune knyttet til tiltak på deres vegnett, slik at det er omforente løsninger som legges frem ved offentlig ettersyn.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN

Djupedalen industriområde.

Uttale i samband med detaljregulering av næringsareal på Velle til kontor- og lagerlokal, verkstad og oppstillingsplass for anleggsutstyr.

Velle grunneigarlag er positive til at det vert etablert næringsverksemd i dalen. Når det gjeld den planlagte bruken av næringsområdet er vi uroa for den auke av tungtrafikk som dette vil medføre.

Fylkesvegen går mellom husa på garden. Her bur unge familiar med små born og det leikar born mellom husa. Vegen vart på 1970-talet lagt om nettopp for å flytte trafikken vekk frå bustader. Vegen er og skuleveg, og den er utan fortau og her er heller ikkje gatelys.

Vi forventer at kommunen verkset tiltak som ivaretek trafikktrygging særleg for born i leik og sikrer trygg skuleveg før området vert teke i bruk.

For Velle grunneigarlag



Ole Andre Velle

Ang. Varsel om oppstart detaljregulering for Djupedalen industriområde – Sykkylven kommune.

Det er med stor undring vi har motteke planar om etablering av anlegg for stormaskiner i Djupedalen.

Kan det verkeleg vere nødvendig å etablere eit heilt nytt industriområde her, med dårleg tilkomst til/frå hovudvegen (Sykkylvsvegen)?

Kvifor kan det ikkje nyttast meir av området som ligg i nærleiken av allereie etablert industriområde der Hole Maskiner AS er etablert? Dette området er vel også utlagt til industriområde i dag.

Plasseringa av eit slikt anlegg svært nær Velledalselva vil auke risikoen for forureining. Om slike planar vert realisert, med verkstad og oppstilling for stormaskiner, veit alle at til dømes olje- eller dieselsøl vil førekome.

Vallavegen er ikkje dimensjonert for den tungtrafikken etableringa vil føre med seg.

- Her er dårleg med gatelys
- Knapt plass til 2 personbilar i breidda
- Ikkje gang og sykkelveg

Det vil bli ein mykje farlegare veg for alle skule- og barnehageborna som går og sykklar frå Fet, Dravlaus og Velle.

Kva med alle gardstuna som ligg svært tett inntil vegen? Her vil risikoen for ulykker bli vesentleg auka. Tungtrafikk i 50 km/t gjennom gardstun med folk og dyr vil før eller seinare føre til ulykker.

Skal dette vere forsvarleg må Vallavegen oppgraderast med lys og gangveg, og farta må reduserast til 30 km/t.

Vi ser ein har teke med i foreslått område, del av G/B.nr.26/1,2,9,10. Her eig vi ein fjerdepart. Det er heilt uaktuelt for oss å selje denne. Vi bruker dette området i dag og har ikkje planer om å endre på det. Vi krev at oppmerkinga av industriområde blir endra til å kun gjelde G/B.nr. 26/11.

Vi vil på det sterkaste oppmode søkjar om å tenkje seg om i denne saka. Denne etableringa vil etter vårt syn forringe livskvaliteten til alle som bur ved Fitjavegen og Vallavegen. For ikkje å gløyme skulen og barnehagen!

I denne saka må Sykkylven kommune syte for at Tregardane AS får etablere verksemd i det mykje meir eigna området ved Sykkylvsvegen som allereie er i bruk til slikt føremål!

Med helsing

Jonna og Kåre Welle
Eigar av G/B.nr 26/1

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551

Gjeld «VARSEL OM OPPSTART DETALJREGULERING FOR DJUPEDALEN INDUSTRIOMRÅDE – SYKKYLVEN KOMMUNE».

Velledalen Grendalag tok opp denne saka til drøfting på eit lagsmøte 3.11.2020 og har følgjande merknad til planen:

Vi er uroa over den aukande trafikken med store bilar og maskiner dette vil føre til på Vallavegen. Vallavegen er smal, svingete og uoversiktleg no, og med ein auke i tungtrafikken vil vegen bli endå meir fårleg, ikkje minst for mjuke trafikantar og i samband med at barnehage, skule, grendahus og idrettsbane ligg langs denne vegstrekinga.

Velledalen 17.11.2020

Med helsing

Velledalen Grendalag

v/ Kari Hjorthol, leiar.

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 Straumgjerde

Fet grunneigarlag
v/ Ole Jostein Fet
Fitjavegen 63
6220 Straumgjerde

VARSEL OM OPPSTART DETALJREGULERING FOR DJUPEDALEN INDUSTRIOMRÅDE


Viser til varsel om oppstart av detaljregulering for ovanfor nemde industriområde. Fet grunneigarlag ser det som svært positivt at det vert lagt til rette for næringsverksemd i Velledalen. Vi ynskjer likevel å kome med ein merknad.

Vegstrekninga frå krysset ved Fetbrua og fram til Velledalen Motessoriskule er skuleveg til born som er elevar ved skulen. Vi ser det som svært viktig at omsyn til trafikksikker skuleveg vert tatt omsyn til i samband med reguleringsarbeidet som no startar opp. Eventuell tungtrafikk til og frå området bør gå kortaste veg mellom Fylkesveg 60 og industriområdet, dvs framover og opp til Fylkesveg 60 ved skulekrysset.

Vallavegen har ikkje gang og sykkelveg frå industriområdet og fram til skuleområdet. Vi meiner Sykkylven kommune bør ta initiativ til at det vert regulert inn ein slik gang- og sykkelveg på strekninga, slik at trafikktryggleiken til skuleborna vert ivaretatt på ein god måte..

Fet, 16. november 2020.

Med vennleg helsing
Fet grunneigarlag



Velledalen, 15.11.20

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1151,
6230 Straumgjerde

Angående varsel om oppstart detaljregulering for Djupedalen industriområde – Sykkylven kommune.

På vegne av foreldre ved Velledalen Montessoriskole vil FAU kome med nokre innspel til planarbeidet.

Farleg skuleveg:

I dag blir vegen forbi det planlagte området i Djupedalen nytta av elevar som skal til og frå skulen, enten på sykkel eller gåande. Vegen er svært smal og farleg slik den er no, og vi meiner at utbygging på det aktuelle området vil gjere strekninga enda farlegare for elevane. På strekninga manglar det t.d gangveg og delvis gatelys. Auka tungtrafikk vil gjere skulevegen enda meir utrygg for elevane.

Auka trafikk:

Vi meiner at ei utbygging av området i Djupedalen vil auke mengda av trafikk for skuleelevane frå Velle, Dravlaus og Fet. Elevar frå byggefeltet i Tregardane vil også få auka trafikk på sin skuleveg. I tillegg vil mengde tungtrafikk auke rundt skulen sitt område. Dette ser vi svært alvorleg på. Elevane som bur i og rundt det aktuelle området har ikkje rett på buss eller skyss til skulen, sjølv om skulevegen er farleg slik den er no.

Helsing

FAU ved Velledalen Montessoriskule.



Detaljregulering for Djupedalen industriområde – merknadar til planforslaget frå barne- og ungdomsrepresentanten

Mandatet til barne- og ungdomsrepresentanten (BU) i Sykkylven kommune er å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga (jf. § 3-3 i plan- og bygningslova).

Som det kjem fram av plandokumenta vil etablering av Djupedalen industriområde medføre ein auke i den tyngre trafikken på strekninga frå det etablerte næringsarealet til Hole Maskiner AS og til det nye arealet. Dette inneber eit endra trafikkbilete for dei barna som skal til Velledalen Montessoriskule. Fleire tyngre køyretøy betyr farlegare skuleveg. Det får også innverknad på dei barna som skal fraktast til/frå Velledalen naturbarnehage.

BU ber om ei nærare utgreiing på kva konsekvensar etableringa av Djupedalen industriområde kan få for dei barna som ferdast langs vegen, og korleis ein eventuelt har tenkt å avbøte desse farene/ulempene (t.d. ved etablering av gang-/sykkelstiar?). Dette gjeld særleg strekninga frå skulen til avkøyrsla ved Valljabrua. Her er fylkesvegen svært smal og inkluderer ein til dels uoversiktleg sving.

Med helsing

Øyvind Fet
Barne- og ungdomsrepresentant i Sykkylven kommune

Sykkylven 19.10.2020

Bernt Are Lervåg
Vallavegen 23,
6220 Straumgjerde
mob. 47459883, berntare@gmail.com

17.11.20

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551,
6220 Straumgjerde

Merknader til varsel om oppstart detaljregulering for Djupedalen Industriområde gnr/brn 26/11

Eg har følgende merknadar til foreslått plan.

Tiltenkt formål vil eg forvente gir vesentlig auka anleggstrafikk på Vallavegen noko som eg ser som svært uheldig. Vegen er smal og uoversiktlig og ikkje egna for lastebilar og større anleggsmaskiner. Det er fleire uheldige konsekvensar av dette:


- Det er omkring 20 born i (eller nær) barneskulealder) mellom Fet og Velledalen skule. Dei fleste av disse har ikkje rett på skuleskyss og har frå før ein uegna skuleveg. Fleire store lastebilar vil forverre dette.
- Mange av gardstuna ligg tett på vegen og born leikar tett på vegen. I tillegg vil plassering av strøsand og oppstilling i Djupedalen gi auka støy frå lastebilar og traktorar både natt og dag i forbindelse med brøyting.
- Både skulen og barnehagen bruker vegen for å kome til turområde – skulen sin gapahuk ved elva samt Vallabakkane som barnehagen bruker. Dette er på den mest uoversiktlege delen av vegen.

Primært vil eg appellere til at ein til dette formålet ser på andre område som gir mindre ulemper for mellom anna barn og unge sin skuleveg.

Sekundært vil eg foreslå følgende som minimumskrav om tiltaket blir realisert:

- Vallavegen på Drabløs og Velle blir sperra for gjennomkjøring av lastebilar og anleggstrafikk (kun kjøring for buss og dei som har ærende i området). Trafikk til og frå tiltaksområdet må gå mot Dalemyra eller evt. på grusvegen gjennom Djupedalen opp til hovudvegen.
- Rekkefølgekrav i reguleringsplanen der det er krav om at det blir bygd gangveg frå tiltaksområdet fram til Dalemyra og helst også vidare opp til hovudvegen før området kan takast i bruk.

Sjå for øvrig skisse på neste side med kommentarar og forslag:



Mvh.

Bernt Are Lervåg

På vegne av FAU Velledalen Naturbarnehage
Søren D Schjelderup
Sørestrandvegen 349
6220 Straumgjerde
Tlf 93009625

Sak:


Merknader vidare og pågåande planarbeid
Detaljregulering/Djupedalen industriområde av
Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 Straumgjerde

Barnhagen er ein naturbarnehage med fokus på natur og friluftsliv i Velledalen. Dei brukar vegen frå Dalemyra til Vallabrua jamleg for å kome seg til turområdet på andre sida av Velledalselva.

Vegen er frå før ein dårleg veg å gå på med barnehageborn og det vil bli forverra med det tiltaket som er foreslått. Det vil forverre både trafikktryggleik og turglede for disse borna. Det vil og føre til at småbarnsfamiliar vil vegre seg frå å etablere seg i dette område.

Primært bør ein finne ein annan stad for slik virksomheit. Blir tiltaket likevel gjennomført så må det som eit minimum etablerast gangveg frå Dalemyra og ned til Vallabrua.

Mvh Søren D. Schjelderup





Velledalen, 05.11.20

UTTALE VEDRØRANDE VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN INDUSTRIOMRÅDE VELLE.

Pr i dag har vi 6 barn i barnehagen frå Fet, Drabløs og Velle. Det planlagde industriområdet vil ikkje berøre drifta av barnehagen i særleg grad. Barnehagen nyttar området i liten grad. Tidlegare vart området mot Bakka og Regndalen nytta og også eit skogsområde på andre sida av elva. Dei siste åra har barnehagen i større grad nytta eige område og området framover mot Hjorthol og Brunstad.

Vi vil imidlertid støtte eit forslaget om redusert fartsgrense forbi Dalemyra stadion, Velledalen montessoriskule og grendahus. Redusert fartsgrense til 30 km/t forbi området vil kunne bøte på ulempa med auka tungtrafikk.

For Velledalen Naturbarnehage SA

Torild Hole

Dagleg leiar

Velledalen Naturbarnehage SA

Vallavegen 251

6220 Straumgjerde

Org.nr. 994437321

Tlf.nr. 45 51 78 17/47 81 30 01

Fredrik Sigurdh
Vallavegen 24
6220 Straumgjerde
Tlf 94220519

Sak:

Merknader videre og pågående planarbeid Detaljregulering / Djupedalen industriområde
Av

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 Straumgjerde

Veitrafikken flyttades fra «gamle Veien» - Fv 77 till den nye veien, Vei 60
Enbart på grundlag af att denne veistrekning, var af trafikfarleg art for barn, Ungdomer og
vuxna
Samt det var lite praktiskt og hensiktsmessigt med ein smal vei, som slingrade sig mellom
gardstun, upp mot fjellen

Det vil si; litt egnet for tyngre transport og godstrafikk
Da många bolighus, gardar og gardshus, ligger i nära anknytning till Fv77

Seneste fyra åren, har flere barnefamilier bosatt sig ved Fv77 og Vallavegen
En vei som brukes dagligen til barnehage, skule og fritidsaktiviteter, till fots, per sykkel eller
sparkesykkel – sent som i tidligt

Ikke minst brukes området runt og ved Fv77, av aktive gardsbrukare

Vi på Tore garden kom till en gard som låg brakk, som nu per idag är på väg åt rätt håll og
har økt sin omsättning flerfaldigt sen 2017, da vi flyttade till Velledalen
Våra planer før garden stopper ikke der
Nu har vi helrenoverat garden, og ligger i startgroparna før att satsa også helhjærtat på gode
opplevelser for besøkende

Førretningsplanen er og starte gode reiselivsaktiviteter og bli et senter for
opplevelseturisme – delvis såkalt gardsturisme, hvor besøkande kan oppleve gardslivet,
stillehet og den store, flotte naturen i Velledalen
I planerna ingår Øvernattning før tio till 12 personer, givetvis med helpension
Per idag har vi opparbeidet gode kontakter med ett flertal reiselivsaktører i Norge og Sverige
Og det er stort interesse att besøka Tore Garden

Sen tidligere og genom andra projekt og bedrifter, har vi meget gode kontakter i Norsk,
skandinavisk og internationell media
Som ønsker besøke oss før att oppleve vår gård, se vårt arbeid og skrive artikler om området

Givetvis kommer vårt arbeid att skapa Tore Garden till en attraktiv turistdestination, bli kraftigt negativt påvirket om tunggods trafik og anleggmaskiner bruker Fv77 som transportvei till og fra sin lagerplats vid Djupedalen

Førøvrigt

Sykkylven kommune står i dag oppført som enda kommunen i hela Møre og Romsdal
Som **Godkjent Trafikksikker Kommune**

Da virker det før mig, viktig for Sykkylven kommune tar affære, og viser at sykkylven kommune legger tyngde i denne tittelen
Så ikke bare ord blir till ord, uten også viser handlingskraft

<https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/godkjente-kommuner/>

Førøvrigt er dette en titel som medfølger ett stort ansvar før kommunen, skulen, AUF og barnehager

Enkelt sagt; alle som har noko med barn og unge, skal verne sin omgivelse från farlig trafikk i nærområdet

Notat: Vi på Tore Garden var huvudleverantør av grønsaker og kjøtt till Tom Cruise privata kokk, under inspelningen i høst. Personen i fråga, lovade komma tillbaka med hemliga gäster, då hon formligen älskade naturen, stillheten og omgivelsen i Velledalen

Med vänlig hälsning

Fredrik Sigurdh

Fwd: Merknader angående videre planarbeid Detaljregulering for Djupedalen industriområde

Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

ma. 09.11.2020 17:35

Til: Norman Hole <norman@hole-maskiner.no>

Last ned [Outlook for iOS](#)

Fra: BJARNE SIGURD DRABLOES <drabloes@online.no>

Sendt: Monday, November 9, 2020 5:34:21 PM

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

Emne: Merknader angående videre planarbeid Detaljregulering for Djupedalen industriområde

Bjarne Sigurd Drabløs
Vallavegen 49
6220 STRAUMGJERDE

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551,
6220 Straumgjerde

Merknader angående videre planarbeid Detaljregulering for Djupedalen industriområde

Vegtilkomsten skal samles i eksisterende avkøyrsløse med tilpassing for større transport eller etablere en ny avkøyrsløse direkte inn på området.

Merknad:

Vi vil ikke ha tungtrafikk gående her gjennom tunet på Drabløs fra tidlig morgen til sene kvelden. Det er ikke plass til å breie ut veien gjennom tunet vårt.

Vi har hatt problemer med råkjøring med store lastebiler gjennom tunet vårt i alle år. At dette skal øke i omfang er vi sterkt i mot.

Det er barn som leker på tuna våre. Det er skoleveien til barn. Vi har mistet dyr på grunn av råkjøring på tunet vårt. Lastebiler har kjørt rett gjennom ku flokken vår i stor fart så dyr og gjerder fløy veggimellom. ungene måtte kjøres på skolen fordi lastebilene holdt så høy fart gjennom tuna våre. Det er svært ubehagelig å få store tunge fullastede lastebiler drønnende rett gjennom tunet i høy fart mange ganger daglig, slik som det er allerede. At dette skal fortsette eller også øke i omfang er ikke ønskelig.

Skal det utvikles et industriområde i Djupedalen for tungtransport og anleggsmaskiner. Må dere finne en annen løsning enn å kjøre trafikken rett gjennom tunet vårt. Slik som vi har opplevd råkjøring fra tungtrafikk i flere år vil vi ikke ha det.

Skal veien breies ut i mellom husene våre vil farten øke generelt, vi har allerede et problem med høy fart.

Dette er bomiljøet vårt. Oppsamlingsveien gjennom tuna er ikke tenkt som en gjennomfartsvei for tungtransport.

Jeg er redd tungtransporten vil velge veien gjennom tunet vårt framfor å kjøre opp bakken over Kari hammeren. Det gjør de allerede. Dette forringer bokvaliteten vår dramatisk.

med vennlig hilsen
Bjarne Sigurd Drabløs

Til Hole Maskin/Sykkylven kommune

Velle 16.11.20

Djupe dalen Industriområde.

Hole Maskin sin bruk av dette området vil føre til ein kraftig auke av tungtrafikken på Vallavegen. Denne 1-felts vegen utan gatelys og gangveg er ikkje dimensjonert for dagens tungtrafikk.

Vegen som er i utgangspunktet farleg for barn og vaksne som går eller sykler blir enda farlegare.

Enkelte hus ligg svært nær vegen, og en lastebil som kjem i 50kmt klarer ikkje å stoppe dersom ett barn skulle kome sykklande frå eit av desse husa ut i vegen.

Vi meiner at barn og andre vegfarande sin sikkerheit er viktigare enn at Hole Maskin får flytte sin virksomheit frå Sykkylvsvegen til Vallavegen.

Mvh

Monica Lyssandtræ og Rune Welle

Fwd: Kommenterar til detaljregulering Djupedalen industriområde i Velledalen

Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

ti. 17.11.2020 23:33

Til: Norman Hole <norman@hole-maskiner.no>

Last ned [Outlook for iOS](#)

Fra: Bastian Weiberg-Aurdal <Bastian.Weiberg-Aurdal@felleskjopet.no>

Sendt: Tuesday, November 17, 2020 11:32:57 PM

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>; servicetorget@sykkylven.kommune
<servicetorget@sykkylven.kommune>

Emne: Kommenterar til detaljregulering Djupedalen industriområde i Velledalen

Vi er positive til at det vert etablert meir næringsverksemd i dalen, men meiner at kommunen i behandlinga må ta omsyn til at det blir sett i verk tiltak for trafikktrygging av skulevegen for borna frå Velle, Drabløs og Fet !

Venleg helsing

Bastian Weiberg-Aurdal

Karigarden Gnr26 Bnr13

Telefon: +47 952 01 391

Bastian.Weiberg-Aurdal@felleskjopet.no

Fwd: Ang. varsel om oppstart av detaljregulering for Djupedalen Industriområde

Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

on. 18.11.2020 16:23

Til: Norman Hole <norman@hole-maskiner.no>

Last ned [Outlook for iOS](#)

Fra: Geir O. Drabløs <gdrablos@gmail.com>

Sendt: Wednesday, November 18, 2020 4:22:40 PM

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>; postmottak@sykkylven.kommune.no
<postmottak@sykkylven.kommune.no>

Emne: Ang. varsel om oppstart av detaljregulering for Djupedalen Industriområde

Til Hole Maskiner AS

Eg ønsker ikkje at det skal komme eit nytt industriområde i Djupedalen pga. den auka i tungtrafikk det vil medføre på Vallavegen. Då er det mykje bedre å utvide det område der Hole Maskiner AS har tomt no, attmed hovedvegen.

Mvh.

Geir O. Drabløs

Vallavegen 32

6220 Straumgjerde

15.11.2020

Hole Maskiner AS
Sykkylvsvegen 1551
6220 Straumgjerde

Uttale om igangsett planarbeid for Djupedalen Industriområde

Vi viser til varsel om igangsett detaljregulering for Djupedalen Industriområde og takkar for invitasjonen til å kome med ein uttale. Styret i Velledalen Montessoriskule AS handsama dette som eiga sak i styremøte 15.11.2020.

Hole Maskiner AS er ei viktig verksemd for Velledalen og Sykkylven og vi tenkjer at ei arealutviding gir eit positivt utviklingssignal. Vårt hovudfokus i denne samanhengen er likevel tryggleiken til elevane, spesielt på veg til og frå skulen.

Vi meiner at fleire delar av Vallavegen har dårleg trafikktryggleik, spesielt for mjuke trafikantar, og vi er bekymra for ei ytterlegare svekking. Det er grunn til å tru at den planlagde aktiviteten på Djupedalen Industriområde vil føre til auka trafikk, spesielt av tunge køyretøy, langs heile Vallavegen. Om industriområdet blir etablert ser vi det derfor som avgjerande at det blir gjort tilstrekkelege avbøtande tiltak. Dette må sjølvstøtt ansvarlege vegmyndigheiter vurdere, men vi vil peike på følgjande aktuelle tiltak: gatelys, gang- og sykkelveg, redusert fartsgrense.

Vi meiner at Hole Maskiner AS sitt etablerte anlegg ved FV 60 har ei god trafikkkløysing og går ut frå at ei arealutviding i dette området har blitt/blir vurdert som eit alternativ til området ved Vallavegen.

På vegne av styret for Velledalen Montessoriskule AS

Jon Hjortdal
leiar
mob. 907 79 445

Fwd: Delivery Status Notification (Failure)

Nils Sigurd Drabløs <nilss.drablos@gmail.com>

on. 18.11.2020 21:17

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

----- Forwarded message -----

Fra: **Mail Delivery Subsystem** <mailer-daemon@googlemail.com>

Date: ons. 18. nov. 2020 kl. 21:02

Subject: Delivery Status Notification (Failure)

To: <nilss.drablos@gmail.com>



Fant ikke adressen

Meldingen ble ikke levert til **helga@hole-maskin.no** fordi domenet hole-maskin.no ikke ble funnet. Sjekk om det finnes skrivefeil eller unødvendige mellomrom, og prøv på nytt.

Svaret var:

DNS Error: 1714373 DNS type 'mx' lookup of hole-maskin.no responded with code NXDOMAIN
Domain name not found: hole-maskin.no

----- Forwarded message -----

From: "Nils Sigurd Drabløs" <nilss.drablos@gmail.com>

To: helga@hole-maskin.no, postmottak@sykkylven.kommune.no

Cc:

Bcc:

Date: Wed, 18 Nov 2020 21:02:31 +0100

Subject: MERKNADER TIL REGULERING AV DJUPEDALEN INDUSTRIOMRÅDE PÅ VELLE

For 50 år sidan vart riksveg 60, som gjekk mellom husa på Drabløs og Velle, flytta for å forebygge ulukker.

Fram til då hugsar eg to påkøyrslar av ungar på Drabløs. Etter flyttinga har ein unge vorte påkøyrte her, heldigvis utan at liv har gått tapt.

Eg syns det er uforsvarleg å legge ein maskinstasjon i Djupedalen, som vil auke trafikken av lastebilar og anleggsmaskiner på denne smale vegen som både er skuleveg og veg til barnehage. I tillegg krev arbeidet på gardane at ein må krysse vegen med dyr og ved gardsarbeid.

Når ein for femti år sidan bygde ny veg fordi den gamle var trafikkfarleg for ungar, med mykje mindre trafikk enn i dag, er det eit overgrep mot familiane langs vegen å sette på endå meir tungtrafikk no.

Med helsing
Nils Sigurd Drabløs
Vallavegen 31

Fwd: Ang: Oppstart av verkstad med anleggsutstyr i Djupedalen av Hole Maskiner A/S

Norman Hole <norman@hole-maskiner.no>

lø. 05.12.2020 18:34

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

Hole Maskiner AS

Norman Hole

91863005

Videresendt melding:

Fra: Norman Hole <norman@hole-maskiner.no>

Dato: 20. november 2020 kl. 19:24:56 CET

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

Emne: Fwd: Ang: Oppstart av verkstad med anleggsutstyr i Djupedalen av Hole Maskiner A/S

Hole Maskiner AS

Norman Hole

91863005

Videresendt melding:

Fra: Hole Maskiner <post@hole-maskiner.no>

Dato: 20. november 2020 kl. 16:54:20 CET

Til: Norman Hole <norman@hole-maskiner.no>

Emne: VS: Ang: Oppstart av verkstad med anleggsutstyr i Djupedalen av Hole Maskiner A/S

Fra: Åshild Velle <ashild.velle@outlook.com>

Sendt: fredag 20. november 2020 13.53

Til: Hole Maskiner <post@hole-maskiner.no>

Emne: Ang: Oppstart av verkstad med anleggsutstyr i Djupedalen av Hole Maskiner A/S

Hole Maskiner A/S

Sykkylvsvegen 1551,

6220 Straumgjerde.

Ang: Oppstart av verkstad med anleggsutstyr i Djupedalen av Hole Maskiner A/S

Om Djupedalen vart regulert som industriområde for vel ein mannsalder sia, betyr ikkje det at tomte kan nyttast i 2020.

Situasjonen rundt tomte er ein heit annan i dag.
Det har blant anna kome skule og barnehage i nærmiljøet.

Ny veg vart bygd for å unngå den store trafikken gjennom gardstuna langs Vallavegen.
Det vart og nytt industriområde ved nyvegen, (Sykkylvsvegen) med lett tilkomst.

No bur eg ikkje i område, men veit korleis det var med all tungtransport.
Eg har opplevd mange ulykker og nesten ulykker på denne vegen, før nyvegen kom.
DETTE VIL VI IKKJE HA TILBAKE.

Dessutan har eg barnebarn på Drabløs, som nyttar vegen både på skule og fritid.
VI HAR INGEN Å MISTE.

Håper Sykkylven kommune forstår situasjonen i utkantane og, ikkje berre i sentrumsområdet.

Kopi til Sykkylven kommune.

Sykkylven 18-11-2020.

Mvh.
Åshild Velle
Ura 10,
6230 Sykkylven.

Send frå [E-post](#) for Windows 10

Nabovarsel

Else Bjørdal Velle <else@brauta.no>

ma. 16.11.2020 21:11

Til: Helga Hole <helga@hole-maskiner.no>

Kopi: Velle Erlend Bjørdal <erlend.velle@caverion.com>; Silje Langelo Hoel <siljehoel@gmail.com>; Andre Vell;Ole <oavelle@gmail.com>

Hole Maskiner AS

Brauta har desse merknadane til nabovarselet:

* Før oppstart av detaljregulering må trafikktryggingstiltak setjast i verk for kommunevegen frå vegkrysset ved Fetbrua til krysset ved Velledalen skule. Smal veg, Kvernhusnova som allereie no er utrygg for gåande, og små born på skuleveg er ikkje foreinleg med tungtrafikk frå eit utbyggings og industriområde.

* Den private gardsvegen frå fylkesvegen ned Djupedalen til kommunevegen, vert det aldri godteke ferdsel på med tungtrafikk. Den øverste delen av denne vegen er 100 % heileigd av Brauta og skal berre nyttast av naboar med køyrerett for bil og landbruksutstyr.

Dei siste åra har det vore utstrakt bruk av denne vegen til og frå masseuttak i Djupedalen. Dette er noko vi aldri har fått spm. om bruk av vegen til, og vegen har til tider vore svært nedkøyrd.

Forbod mot denne type bruk gjeld frå d.d.

Else & Hermod Velle